



NOREGS HØGSTERETT

Den 7. februar 2025 vart det av Høgsteretts ankeutval med dommarane Indreberg, Bergsjø og Høgetveit Berg i

HR-2025-215-U, (sak nr. 24-198383SIV-HRET), sivil sak, anke over dom:

I.

A

(advokat Arvid Gusland)

mot

Rambøll Norge AS

(advokat Steffen Lie Kvisler)

Rådgivende Ingeniørers Forening
(partshjelpar)

(advokat Espen Nyland)

II.

Rambøll Norge AS

(advokat Steffen Lie Kvisler)

Rådgivende Ingeniørers Forening
(partshjelpar)

(advokat Espen Nyland)

mot

A

(advokat Arvid Gusland)

gjort slik

ORSKURD OG VEDTAK :

A og Rambøll Norge AS har kvar for seg anka Agder lagmannsretts dom 25. oktober 2024 i sak nr. 23-151959ASD-ALAG. I prosesskriv 3. februar 2025 erklærte Rådgivende Ingeniørers Forening partshjelp til føremon for Rambøll Norge AS. A har motset seg partshjelpa, jf. tvistelova § 15-7 andre ledd tredje punktum.

Høgsteretts ankeutval viser til at partshjelp skal tillatast for foreiningar og stiftingar i saker som ligg innanfor deira føremål og naturlege verkeområde etter § 1-4, jf. tvistelova § 15-7 fyrste ledd bokstav b. Føresett at utfallet av saka er relevant for organisasjonen eller medlemmene, og interessa naturleg fell innanfor organisasjonens føremål og verkefelt, er ei rein prejudikatinteresse tilstrekkeleg for å grunngje partshjelp, jf. Rt-2012-1087.

Rådgivende Ingeniørers Forening er ei uavhengig bransjeforeining for kunnskapsbedrifter med verksemd innan rådgjeving, planlegging og prosjektleiing i bygg- og anleggssektoren. Foreininga har som føremål å betre medlemmenes kompetanse, konkurranseevne og økonomi, og å arbeide for betre rammevilkår i rådgjevarbransjen. Etter utvalets syn er det nærliggjande at utfallet av saka vil kunne vera relevant for organisasjonen og medlemmene, og at interessa naturleg fell innanfor organisasjonens føremål og verkefelt. Utvalet finn difor at Rådgivende Ingeniørers Forening bør få opptre som partshjelpar til føremon for Rambøll Norge AS.

Når det gjeld ankane, viser utvalet til at anke til Høgsterett ikkje kan fremjast til handsaming utan samtykke frå Høgsteretts ankeutval. Utvalet kan berre samtykke når ein anke gjeld spørsmål med vekt utanfor den aktuelle saka eller andre tilhøve gjer det særleg viktig at anken blir handsama av Høgsterett, jf. tvistelova § 30-4.

Utvalet tillèt ankane fremja.

S L U T N I N G I O R S K U R D

Rådgivende Ingeniørers Forening får opptre som partshjelpar for Rambøll Norge AS.

S L U T N I N G I V E D T A K

Ankane blir tillatne fremja til handsaming i Høgsterett.

Per Erik Bergsjø
(sign.)

Hilde Indreberg
(sign.)

Borgar Høgetveit Berg
(sign.)